

Styremøte i Hordaland Folkemusikklag måndag 07.02.2022

Til stades hjå Åslaug Timenes Bell: Per Øyvind Tveiten og Ingrid Sørheim.

1. Kort gjennomgang av referatet frå førre styremøte:
 - Per Øyvind tek kontakt med Bygda Dansar Hordaland for statusoppdatering.
2. Handsaming av innkomne søknadar:

Det har kome inn tre søknader om stønad. Desse er:

 - Knut Hamre søkjer om kr. 10 000,- til Masterclass Hardanger. Søknad innvilga.
 - Prosjektkoordinator Magni Rosvold søkjer om kr. 20 000,- til UngOsa 2022. Søknad innvilga.
 - Voss Spelemannslag søkjer om kr. 8 000,- til kvedarkurs på Voss. Stønad er vidareført frå tidlegare løyving.

Bygdedanslaget Bjørgvin har henvendt seg til HFL i samband med kurs i telespringar, men i samsvar med vedtektene løyver me ikkje midlar til kurs i tradisjonar som ligg utanfor Vestlandet. Åslaug sender ut vedtaksbrev.

Frå 2020-2021 har HFL ein restsum på kr. 15 000,-, og frå 2021-2022 ein restsum på kr. 31 500,-. Det tyder at HFL har kr. 43 500,- til å løyva ut resten av 2022. Hovudutvalet i Vestland fylkeskommune har tildelt Hordaland folkemusikklag eit driftstilskot for 2022 på kr. 70 000,-. Me må hugsa å søkja for 2023 til fristen 1.mars 2022. Me lagar ferdig budsjett for 2022 som me tek med oss på årsmøtet.

3. Innkomne rapportar/utbetalingar av løyvingar

Det har kome rapport frå Kvemmingen spel- og dansarlag frå arrangementet «Edith» og dansefest, og Åslaug betalar ut dei løyvde midlane.
4. Årsmøtesak om samordning med Sogn og Fjordane Folkemusikklag

Styret vedtok å skriva ei sak til årsmøtet om korleis prosessen fram til eventuell samanslåing kan gå føre seg. Ein ynskjer å etablere ei arbeidsgruppe for prosessen som kan arbeida med formalitetane. Saka skal vera ferdigskriven tre veker før årsmøtet.
5. Saksliste på årsmøtet 20.03.22 kl. 11:00:
 - Stad: Gimle i Bergen (Åslaug bestiller).
 - Tid: sundagen etter Hordamønstringa, kl. 11:00.
 - Forslag møtetreferent: Ingrid Sørheim.

- Forslag møteleiar: Per Øyvind Tveiten.
- Forslag kontigentavgift: som i fjor, dvs. kr. 25,- for både barn og vaksen.
- Årsmelding, handlingsplan og rekneskap må skrivast av styret.
- Val: me gjennomfører ordinært val for 2022. Ein vel representantar som truleg vert raskt avløyst av det eventuelle nye, samordna folkemusikklaget. Per Øyvind orienterer valnemnda.

6. Habilitet

På førre styremøte vart det vedteke a dersom eit fleirtal i styret òg er styremedlemer i eit lag som har søkt om tilskot er dei inhabile ved handsaminga. Varafolk blir då innkalla. Dersom HFL og SFFL blir slått saman vil dette evt. vera ei justering i dei føreslegne vedtektene, men årsmøtet HFL 2022 kan gjerne vedta ei slik formulering. Det blir difor fremja for årsmøtet og skrive inn i årsmeldinga.

7. UngLåt 2022

Arbeidet med å planlegga sommarens UngLåt er i gang. HFL er med-arrangør og hjelper kanskje til litt praktisk på staden. Kurset er eit prosjekt i samråd med Førdefestivalen.

8. Hordakappleiken 19.mars 2022

Styret ynskjer å prøva ut «Hilmemodellen», altså at ein har fem dommarar som dømmer alle klassar, i staden for å operera med fleire ulike dommarsett. Dommarane får reise og overnatting dekkja. HFL spør aktuelle kandidatar om dommargjerninga. Arrangøren finn sjølve eigna «dommarar» til Sjoladekappleiken.

9. Andre saker

- Åslaug betalar ut styregodtgjersle.
- Det vart lufta tankar om kor vidt det er ynskjeleg å arrangera jubileumsfest for HFL neste år.